



Masfjorden kommune
Austfjordvegen 2724
5981 Masfjordnes

Saksbehandlar, innvalstelefon

Tor G. Turøy, 55 57 22 22

Vedrørende tilbakebetaling av tilskotsmidlar til utvikling av sosiale tenester i Nav-kontoret

Vi viser til dykkar brev datert 24. februar 2023 vedrørende tilbakebetaling av tilskotsmidlar til utvikling av sosiale tenester i Nav-kontoret. Vidare viser vi til våre brev datert 26. oktober 2021, 9. februar 2022 og 22. februar 2023, sjå vedlagde kopiar.

I vårt brev av 26. oktober 2021 informerte vi om at med maksimalt statleg prosjekttilskot: «Nav Fensfjorden vil då ha pengar til prosjektstillinga til og med oktober 2022.» Vi presiserte at: «Det er ein føresetnad at lønsutbetalinga skjer frå Nav Fensfjorden, og at lønsutgiftene vert ført i same prosjektrekneskap som før, sjå paragraf 11 i forskrifta for tilskotsordninga. Vi legg ved ei utskrift av forskrifta.»

I vårt tildelingsbrev for 2022, datert 9. februar 2022, informerte vi om at: «I 2021 innvilga vi 610 000 kroner til løn og lønsrelaterte utgifter for perioden 1. mai 2021 – 30. april 2022». Ved fordeling mellom kalenderår medførte dette at de mottok 406 667 kroner for perioden 1. mai 2021 – 30. desember 2021 og 203 333 kroner for perioden 1. januar 2022 – 30. april 2022. I dette brevet tildelte vi 305 000 kroner «for resten av prosjektperioden, 1. mai 2022 – 30. oktober 2022». Etter dette hadde Nav Fensfjorden til rådvelde 508 333 kroner i statlege til prosjektmidlar løn i 2022.

Når de rapporterer at de ikkje brukte meir enn 490 120 kroner til løn og lønsrelaterte utgifter i 2022 i prosjektet «Marknadskontakt Nav Fensfjorden», medfører dette at de ikkje brukte alle dei statlege prosjektmidlane som de hadde til rådvelde for 2022. Etter reglane skal de tilbakebetale tilskotsmidlar som ikkje var brukt då prosjektet vart avslutta, sjå den vedlagde forskrifta for tilskotsordninga.

Når vi sette tilbakebetalingskravet til 18 213 kroner, eit beløp tilsvarande differansen mellom beløpet som de brukte til løn og lønsrelaterte utgifter og prosjektmidlane som de hadde til rådvelde, så har vi ikkje lagt inn at de skal betale nokon kommunal eigenandel for prosjektet i 2022. Som vi skreiv i tildelingsbrevet for 2022, så må kommunane sjølv dekke løn og lønsrelaterte utgifter utover 610 000 kroner per årsverk.

Vi kan godkjenne at beheld restbeløpet på 18 213 kroner dersom kommunane i Nav Fensfjorden, eventuelt kommunane i region Nordhordland, etter at prosjektet «Marknadskontakt Nav Fensfjorden» vart avslutta personellmessig har styrka dei oppgåvene som låg til prosjektet. De kan i tilfelle gjere skriftleg greie for denne personellmessige styrkinga, og vi vil vurdere tilbakebetalingskravet på nytt.



Vi kan derimot ikkje godkjenne at de bruker statlege prosjektmidlar for 2022 til å dekke noko av den kommunale eigenandelen i 2021.

Vi viser elles til informasjonen som kjem fram i dei vedlagde breva og i forskrifta for tilskotsordninga.

Med helsing

Øystein B. Jacobsen
seksjonssjef

Tor G. Turøy
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:

Nav Fensfjorden v/Nina Strømsnes
Arbeids- og velferdsdirektoratet v/Kjersti With Eidsmo Urbye